

Saksbehandlar: Helga Bjørkhaug, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/4207-4

Sogn og Fjordane Teater - val av styreleiar

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Som ny styreleiar for Sogn og Fjordane Teater vert foreslått:.....

Valet gjeld for resten av valperioden.

Vedlegg:

Referat frå ordinær generalforsamling for Sogn og Fjordane Teater

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Sak 53/16: Sogn og Fjordane Teater – generalforsamling 2016, vedtektsendring og framlegg til styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer.

SAKSFRAMSTILLING

Hovudutval for næring og kultur handsama i sak 53/16 framlegg om kandidatar til styreleiar og styremedlemmer til Sogn og Fjordane Teater og desse vart valde:

1. Styreleiar for Sogn og Fjordane teater: Håkon Fimland
2. Styremedlem for Sogn og Fjordane teater: Ola Tarjei Kroken
3. Styremedlem for Sogn og Fjordane teater: Kristine Lie
4. Varamedlemmer til styret i rekkjefølgje:
 1. Hanne Oftedal
 2. Eva Marie Halvorsen
 3. Anne Lilleåsen

I styret sit også Iris Loftheim, nestleiar med vara Ivar Svensøy (begge foreslått av Førde kommune) og representant frå tilsette.

Håkon Fimland døydde brått i sommar. Hovudutvalet må difor foreslå ny styreleiar for Sogn og Fjordane Teater for resten av valperioden. Val av ny styreleiar vil deretter bli gjort i ekstraordinær generalforsamling for Sogn og Fjordane Teater.